



I Kvinnherad er det om lag 1000 innbyggjarar med innvandrarakgrunn. For desse spesielt, men også for resten av kvinnheringane, var det ei viktig hending på Husnes onsdag kveld. Då vart Kvinnherad internasjonale kontaktgruppe skipa.

På biletet over ser vi det første styret i gruppa saman med kultursjef Kristian Olav Bringedal og prosjektleiar Liesje Croles som står bak. Styret er sitjande frå venstre: Dovile Cesiunaite(Litauen), Michael K. Zekarias (Eritrea), Bernadette Onasaka (Kongo) og Barbara Ludvig (Polen). Michal Jachacy (Polen) var ikkje på møtet då han var på jobb. I tillegg skal styret supplerast med 2 varamedlemmer.

Det møtte opp i overkant av 20 nye kvinnheringar på møtet, der også uskedelingane var representert. Vi veit at vi har mange innvandrarak som har flytta til bygda så vi har mange potensielle medlemmer som kan få nytte og glede av den nye organisasjonen.

Liesje Croles orienterte om korleis ei arbeidsgruppe hadde førebudd skipinga. Deretter gjekk Kristian Bringedal gjennom vedtektene før det vart gjennomført valg av det første styret.

Gruppa er ein medlemsorganisasjon, og den skal arbeide for innvandrarakane sine interesser både politisk, sosialt, kulturelt, økonomisk og utdanningsmessig. Den skal og vera eit kontaktorgan retta mot myndigheter, frivillige organisasjonar og dei politiske partia. I så måte var det kjekt å registrere at AP-polikaren Hilde Enstad viste interesse og var på møtet.

Gruppa kjem mellom anna til å bruka facebook som informasjonskanal, og både innvandrarak og andre interesserte bør melda si interesse ved å lika facebookside **Kvinnherad internasjonale kontaktgruppe**.

Med god opplutning vil kontaktgruppa verta eit svært godt reiskap i integreringsprosessen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland